


HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

Målbruksplan for Hordaland fylkeskommune

Februar 2017



Målbruksplan for Hordaland fylkeskommune

Vedtak om målform

Hordaland fylkesting gjorde 16. juni 1981 slikt vedtak i sak 42:

«1. Fylkestinget stadfester at administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune er nynorsk.

I medhald av § 5 i lov av 11. april 1980 om målbruk i offentleg teneste krev Hordaland fylkeskommune at skriv frå statsorgan til fylkeskommunen skal vera på nynorsk.»

I reglementet for sakshandsaming, seinast godkjent av fylkestinget 14.12.2016, heiter det om målform i fylkeskommunen:

«1. Målform

Innkallingar, saklister, saksførelegg og møtebøker skal vera på nynorsk.»

I personalreglementet, godkjent 14. november 2014, heiter det:

«20. Administrasjonsmål

Administrasjonsmålet i Hordaland fylkeskommune er nynorsk. Etter lov om målbruk i offentleg teneste har publikum likevel krav på å få svar på den målforma dei sjølv nyttar.»

Mål: Godt språk

Hordaland fylkeskommune har som visjon å vera attraktiv og nyskapande. Fylkeskommunen har ansvar for å utvikla heile hordalandssamfunnet. For å følgja opp ambisjonane er desse verdiane trekte fram i verksemdstrategien: «Offensiv», «kompetent» og «i dialog».

Om «I dialog» er det gjeve denne utfyllande kommentaren: «Vi samarbeider og er i dialog med innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremjar vi samhandling og demokrati.»

Visjon, samfunnsoppdrag og verdiar utgjer ei god rettesnor for det daglege arbeidet for tilsette i fylkeskommunen – også for målbruken. Språk er viktig i arbeidsdagen til praktisk tala alle.

Med målbruksplanen skal vi syta for at medarbeidarane våre får gode språkkunnskapar, fremja godt språk generelt og særleg i kontakt med brukarar og samarbeidspartar.

Språkpolitiske mål

Fylkeskommunen skal ha ein heilskapleg målbrukspolitikk.

Skriftspråket som vert nytta i fylkeskommunen, skal vera så godt og variert som mogeleg.

Fylkeskommunen ønskjer eit enkelt, klart, lettfatteleg og brukarvenleg språk. Ei konsekvent språklinje i samsvar med godkjent rettskriving skal nyttast. Ved valfrie former

skal vi bruka dei som ligg nærast opp til talemålet i fylket. (*Døme på slike former er tekne med i vedlegg A.*)

Retningslinjer for språkbruk i administrasjonen

For å få eit flytande, lett og godt språk er ordleggingsmåten viktig. Ordrekkjefølgja bør oftast vera som i vanleg talemål. Unngå for mykje bruk av substantiv. På nynorsk er det som regel betre å bruka verb og adjektiv der det på bokmål vert nytta substantiv. Finn gjerne eit anna ord eller skriv om.

Språk vert ledigare om vi brukar ei personleg form. Såleis bør vi unngå det upersonlege ein. Bruk i staden eg eller vi/me.

Vi bør bruka norske ord i staden for framandord og utanlandske ord, så sant det let seg gjera .

Fagsjargong bør unngåast. Dersom faglege krav til presisering gjer det nødvendig, kan faguttrykk nyttast, men då helst med kort forklaring.

Ved bruk av forkortingar, som ikkje alt er innarbeidde i det norske språket, må det ved første gongs bruk i sak, brev, meldingar og på nettsider skrivast kva forkortinga står for. (Til dømes: Hordaland fylkeskommune (HFK), studiespesialiserande (ST).)

Både nynorsk og bokmål omfattar ei rekkje valfrie former. Denne valfridomen kan vi bruka, men vi må halda oss til ein og same skrivemåte av enkeltord gjennom ein tekst.

Lokale ord og uttrykk som er vanlege i fylket, bør brukast.

Tiltak

Opplæring

Hordaland fylkeskommune tek sikte på å gje tilsette i administrasjonen tilbod om skrivekurs og rettleiing i nynorsk språkbruk. For saksbehandlarar skal kursa vera obligatoriske.

For saksbehandlarar skal det haldast kurs i god saksframstilling der godt språk vil vera eit deltema.

Tilsette skal vera kjende med språkrådet sine nettsider om skrivereglar og grammatikk. (<http://www.sprakradet.no>)

Målbruksplanen skal løftast fram på kurs for nyttilsette slik at alle er kjende med tilbod om kurs og materiell.

Hjelpemiddel

Målbruksplanen skal vera tilgjengeleg på fylkeskommunen sine nettsider.

Nytilsette skal få eit eksemplar av «Klarspråk i praksis» og «Godt språk» (handbok i saksutgreiing) når dei byrjar i fylkeskommunen.

Målbruksplanen skal løftast fram på kurs for leiarar, slik at dei kan følgja opp tiltak i linja.

Alle tilsette skal få tilgang til elektroniske ordbøker; nynorsk, bokmål (<http://ordbok.uib.no>) og fornorskingsordbok.

Alle tilsette skal få tilbod om å installera Nynodata eller tilsvarande på pc. Dette er program som kan omsetja tekstar frå bokmål til nynorsk og som har nynorsk synonymordbok.

Nynorsk rettskriving skal vera installert på alle datamaskiner. Malar som ligg til bruk i datasystemet, bør vera på nynorsk.

Alle avdelingar skal peika ut minst ein sakkunnig som kan gje hjelp i måls spørsmål.

Nynorskmateriell

Fylkeskommunen skal syta for at alle skjema og anna materiell som vert brukt av fylkeskommunen er på nynorsk.

Ved utlysning av stillingar skal det koma klårt fram at administrasjonsmålet er nynorsk.

VEDLEGG A

Særskilde retningslinjer for nynorsk/Tilråding om val av nokre former skriftleg

Der det finst valfrie former, bør vi velja den forma som ligg nærast talemålet. Vi rår til å bruka formene som er utheva med feit skrift:

arbeidsgjevar/arbeidsgivar

bølgje/bølge, **søkja**/søka, **tilhengjar**/tilhengar, **tilsetja**/tilsetta

då/da, **klår**/klar

fyrst/**først**, bylgje/**bølgje**

føremål/formål, **føreord**/forord

gjev/gir, **tek**/tar

koma/komma, **løn**/lønn, **ven**/venn

no/nå

skule/skole

såleis/soleis

tunell/tunnel

Infinitiv

Gjennomfør a-infinitiv (rekna) eller e-infinitiv (rekne) innanfor ein tekst.

Det kan vera vanskeleg å velja rett ord på nynorsk. Vi bør til dømes bruka:

anbod, ikkje anbud

avgjerd, ikkje avgjersle eller beslutning

(av)**røysting**, ikkje avstemming

førerett, ikkje fortrinnsrett

førebuing, ikkje forberedelse

føresegn for bokmål bestemmelse i en lov. Men forskrift om bokmål forskrift

føresetnad, ikkje forutsetning

løyve, ikkje bevilling

løyving, ikkje bevilgning

retteiing, ikkje veiledning eller rettledning

skattlegging, ikkje beskatning

stillingsomtale, ikkje -beskrivelse

teieplikt, ikkje tausheitsplikt

utgreia/greia ut, ikkje utrede

Enkelte ord og uttrykk som ofte vert brukte feil

Bruk **og** eller **og dessutan** for samt

Både finna og stad finst i nynorsk, men ikkje «finna stad». Det er henta frå bokmål «finne sted». Skriv heller **henda, skje, går føre seg**

Bruk **alle** for samtlege

Skuldast finst i nynorsk og har same tydinga som på bokmål «anklages, beskyldes». Det svarar ikkje til bokmål skyldes. Vi skriv **det kjem av, det skriv seg frå, det har si årsak (sin grunn i, det botnar i)**

Ordet «øvrig» finst ikkje i nynorsk og difor heller ikkje «dei øvrige» eller «for øvrig». Skriv **dei andre, hine, resten** for «dei øvrige». Skriv **situasjonen elles** for «situasjonen for øvrig»

Ordet «einkvar» er henta frå «enhver» på bokmål. Ordet finst ikkje i nynorsk. Vi har **einkvan**, men det tyder «ein eller annan», «nokon», «ein og annan»

Det meste skal ha liten forbokstav

fylkeskommune

fylkesting

fylkesutval

fylkesordførar

fylkesrådmann

fylkesdirektør

Avdelingar, etatar, komitear, nemnder, seksjonar, utval, prosjekt o.l. skal i regelen ha liten forbokstav.

[Stor eller liten forbokstav?](#)

[Rettleiing om konsekvent nynorsk](#)

Nyttige nettstader for godt språk

[Språkrådet](#)

[Klart språk](#)



Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen
Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

